



GLIMRAH i fargerike sommarkle syng mellom anna Bellman.

Midtsommarkonserten til vokalensemblen GLIMRAH, som ofte har vore i Helgheim, var denne gongen lagt til Hønsstølen på Stord, heime hos dirigenten Maria Malmsten. Det var som vanleg sommarstemning med loddsal og heimebakst. I tillegg til det musikalske legg ein vekt på ein koseleg, fargerik og sommarleg atmosfære. Gevinstane er heimestrikka og hekla produkt. Egga kjem frå frittgåande høns i tunet. Maten er kortreist.

MASKROS er ein folkemusikktrio bestående av Ida Johanne Wahl - vokal , Frida Drevland Tømmerberg - vokal og fiolin og Tiril Eirunn Einarsdotter- hardingfele, fiolin og vokal. Ida kjem frå Langhaugen i Follo, Frida frå Elverum og Tiril Eirunn frå Stord. Dei lagar eigne folketonar og eigne tolkningar av folkemusikk.

Alle tre har studert på Toneheim folkehøgskule og på UiS (Universitetet i Stavanger.) Dei har alle byrja med song og spel i tidleg alder og no formidlar dei musikk i mange genre, slik som folkemusikk, populær musikk og klassisk. Dans og teater har og vore og er sentralt for dei unge musikarane.

Frida er framleis elev på fiolin i Stavanger medan Ida studerer klassisk song på Syddansk Musikkonservatorium i Odense og Tiril Eirunn hardingfele på Norges musikkhøgskule. Trioen Maskros som er svensk og betyr Løvetann, blei danna for 2 år sidan i Stavanger.

GLIMRAH Vokalensemble vart starta hausten 2015 av Maria Malmsten. Ho er og kunstnarleg leiar for gruppa. Ensemble syng a capella og eit svært variert repertoar med hovudvekt på renessansemusikk, folketonar og samtidsmusikk.

Glimrah har hatt mange konserter i Kvinnherad, i Hardanger og elles rundt om i Sunnhordland. Songarane i Glimrah er: Gjertrud Sydnes Furdal, Lene Taranger, Ingvild Toskedal, Maria Malmsten, Renate Koløy, Lina Frimannslund Storegjerde og Hallgjerd Hegland Kofoed.



Musikalsk leiar, Maria Malmsten, saman med Renate Koløy frå Uskedalen.

På konserten i går vart det mellom anna framført songar av Belman (Liksom er herdinna) og M. Hurd (Five Epitaphs), renessansemusikk og ikkje minst Visa vid midsommartid.

Tekst: Pressemelding/ Kristian Bringedal

Foto: Tor Edvard Taranger

Nett: Kristian Bringedal



MASKROS - ein folkemusikktrio med unge og lovande musikarar.